



Harris Advokatfirma AS
Postboks 4115 Sandviken
5835 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3737 - 19/22110


Saksbehandlar:
Tommy Veland
TVE@lindas.kommune.no

Dato:
09.07.2019

Svar på klage over grensejustering gbnr 91/1 og gbnr 91/19 Brundtland

Viser til klage på utført grensejustering mellom G.nr.91 B.nr.1 og B.nr. 91 B.nr.19 Brunnslandsåsen i Lindås kommune.

Når det gjeld grensejustering etter matrikkellova § 16 og matrikkelforskriften § 34, er arealet for overføring frå ein eigedom til ein annan rekna som 5% av minste eigedom, men maksimalt 500m². Dvs. arealet av B.nr. 91 B.nr.19 som er 1541,7 m², og 5% av dette er 77,1 m². Sjå skisse under.



Vert arealet større enn 77,1 m², må det søkjast om arealoverføring etter plan- og bygningslova §20-1m. Dette skal då handsamast av byggesaksavdelinga i kommunen.



I denne saka har det vore mange kontakter mellom kommunen og grunneigarane, det gjeld også for eigar av G.nr.91 B.nr.47 på grunn av ein tinglyst rett til å ha eit røyr gjennom vegen og parkeringsplassen.

Av ulike grunner har dette tatt lang tid, og me beklagar dette. Me vil imøtekomma grunneigarane sitt ynskje om å halda ny oppmålingsforretning.

Dette krev ny innkalling til partane, dvs. om vegen skal vera med, vert eigar av G.nr.91 B.nr.47 også kalla inn då denne eigedomen grenser til det omsøkte arealet og han er part på grunn av røret under vegen og vegretten til eigedomen B.nr.47.

Sender vedlagt tre kartutsnitt som viser alternativa i saka:

Alt 1: Dette viser max. areal dersom vegarealet skal vera med i grensejusteringa.

Alt 2: Dette viser arealet som kom fram på oppmålingsforretningen 14.06.2019. Arealet er ikkje oppretta i matrikkelen enno, i påvente av den tinglyste avtalen om røret som skal gå gjennom vegen og parkeringsplassen.

Alt 2: Dette viser same areal som bilag 1 som det no vert rekvirert etter i dykkar brev av 02.07.2019, dette arealet er på 104,8 m² og er for stort til å grensejustera. Om dette alternativet vert valgt, må det søkjast om arealoverføring etter pbl.

Når det gjeld faktura vart denne sendt ut 24.06.19, i tilfelle denne skal krediterast må me få beskjed om dette.

Vert det avbrote sak i rekvirert arbeid forårsaka av rekvirent, vert det gebyr etter «Gebyr- og betalingsatsar for 2019 –Del 2», pkt. 13.11.1 i gebyrsatsane på 1/3 av gebyrsatsane.

Ber om tilbakemelding innan tre veker frå brevet er motteke.

Med helsing

Tommy Veland
avdelingsleiar Geodata

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Alt 1
Alt 2
Alt 3

Mottakarar:

Harris Advokatfirma AS

Postboks 4115
Sandviken

5835

BERGEN